

Lese for læring og lyst – språk for livet

Plan for språk og leseopplæring for barnehage og skule i Kviteseid kommune, november 2010



Bokstavene
Hva er en bokstav?
En besynderlig ting –
En linje, en strek, en prikk og en ring
Og så er det slik den skal være.
Én liten bokstav sier ikke det spor,
Men sammen med andre blir den til ord
Som lærer deg det du skal lære.

André Bjerke



Innhaldsoversikt

1. Innleiing
2. Mål og hensikt
3. Lovheimlar
4. Om språk og språkutvikling
 - a. Generelt
 - b. Minoritetspråklege barn
 - c. Om Språkvanskar
5. Om lesing
6. Læringssyn
7. Om vaksne som rollemodellar
 - a. Foreldre/føresette
 - b. Helsestasjon/bibliotek
 - c. Barnehage
 - d. Skule
8. Arbeid med språk
 - a. Helsestasjon
 - b. Barnehage
 - c. Skule
 - d. PP-teneste
9. Bruk av kartlegging
 - a. Helsestasjon
 - b. Barnehage
 - c. Skule
 - d. PP-tenesta
10. Samarbeidpartnarar
11. Overgangar
12. Kompetanseutvikling
13. Vedlegg



1. Innleiing

Språk er føresetnaden for kommunikasjon mellom menneske. Eit barn utviklar språk frå fødselen. Den språkelege ballasten barnet får med seg og utviklar, blir ein viktig reiskap å ha med seg i livet. Foreldre er dei fyrste og viktigaste personane barnet har kommunikasjon og dialog med. Du som foreldre har ei viktig rolle i språkutviklinga til barnet ditt.

Fleire kommunale instansar har innverknad på barn og ungdom si språkutvikling, og i fyrste rekkje gjeld det helsestasjon, barnehage og skule. Helsestasjonen treffer alle barn frå tidlegaste fase. Barnehagen har ei vesentleg rolle i arbeidet med barn si språkutvikling og leseførebuing. Skulen si oppgåve er å vidareføre arbeidet i barnehagen, og samstundes startar den formelle leseopplæringa. PP-tenesta er kommunen sin sakkunnige instans i høve til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning.

2. Hensikt og mål med planen

Denne planen skal vere ei felles referanseramme for helsestasjon, barnehage og skule i Kviteseid kommune. Det er vesentleg at barn og unge i kommunen og deira føresette opplever samanheng og samarbeid i møte med ulike instansar. Denne planen skal sikre at barn og unge møter ein naturleg progresjon i språkutviklinga og i leseopplæringa.

Mål med planen er å sjå til at alle barn og unge i kommunen får den språkelege opplæringa og oppfylginga dei treng frå helsestasjon, barnehage og grunnskule, slik at dei blir dyktige til å kommunisere munnleg og skriftleg. Planen skal hjelpe tilsette i arbeidet med å førebyggje og evt. oppdage og avhjelpe språkvanskar så tidleg som mogleg.

Målgruppe er fyrst og fremst pedagogar og leiarar i barnehage og skule, samt tilsette på helsestasjonen og kontaktpersonar i PP-tenesta. Dei er alle gjeve utfordringar i denne planen som er meint å spore til refleksjon og drøfting i personalgrupper i eiga eining og på tvers av einingane. Slike drøftingar skapar innsikt i eigen praksis, og er meint å bidra til betra språk- og leseopplæring. Foreldre/føresette er også gjeve utfordringar, utan at ein med det har sagt at dette er obligatorisk for dei. Det er meint som ein spore til tenking og refleksjon rundt korleis dei kan arbeide med språkutviklinga til eige barn. Når det gjeld dei konkrete tiltaka for skule og barnehage, er dei nedfelte i egne planar for barnehagane og den einskilde skule.

3. Lovheimlar

a) Helsestasjon.

Barn har, gjennom Lov om helsetjenesten i kommunen, rett til nødvendig helsehjelp, også til helsekontroll. Dei føresette pliktar å medverke til at barnet er til helsekontroll. (§ 2-2)

b) Barnehage.

Barnehagen har heimel i Lov om barnehager, og barnehagen sitt innhald byggjer på forskrift til lov om barnehagar, "Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen".

c) Skule.

Elevane sine rettar har heimel i Lov om opplæring, og innhaldet i skulen er heimla i forskrift til opplæringslova, "Kunnskapsløftet, læreplan for grunnopplæringa." (L06)



d) PP-teneste.

Tenesta er heimla i Opplæringslov, kap. 5, og i § 5-6 står det at "Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste.Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. PP-tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. ..." Barn i førskulealder er sikra i § 5-7, på følgjande måte: "Barn under opplæringspliktig alder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til slik hjelp...."

4. Om språk og språkutvikling

a) Generelt

Språk er å kunne forstå og uttrykke tankar og kjensler, og er ein føresetnad for å kunne kommunisere med andre menneske. Språk er nært knytt til kommunikasjon, anten gjennom tale, skrift eller gjennom andre kommunikasjonsmåtar. Barn si utvikling av språk skjer i eit samspel mellom barnet sine biologiske, kognitive, sosiale og miljømessige føresetnader.

Barn utviklar gjerne språk i ein fast rekkjefølgje, men med tidsmessig variasjon og i ulikt tempo. Ein normal språkinnlæringsprosess vil til vanleg følgje desse utviklingstrinna:

Frå fødsel	Blikkontakt og smil
6 – 10 mnd:	Barnet startar å bable
8 – 10 mnd	Barnet forstår nokre ord
12 mnd:	Barnet uttalar fyrste ord
14 – 24 mnd:	Fyrste setningar med to ord
3 år	Setningskombinasjonar med tre ord
4 år	Barnet har ein klar syntaks (konstruksjon av setningar)

(Kjelde: www.helsebiblioteket.no Ingrid Moen Rotvik/Fenson m.fl)

Etter denne alderen, er det viktig å hugse på at språket vert utvikla gjennom heile livet.

b) Minoritetsspråklege barn

Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn er avhengig av å utvikle eit godt morsmål, fordi morsmålet er knytt til kjenslelivet og utviklinga av personlegdomen. Morsmålet er sentralt for utvikling av språk nummer to. Kviteseid kommune si utfordring er at det ikkje er språklærarar tilgjengeleg på aktuelle morsmål, men kommunen prøvar å leggje til rette for å gje minoritetsspråklege barn tilbod om morsmålsopplæring.

c) Om språkvanskar

Språkvanskar hos barn kan handle om at dei har problem med å forstå, produsere eller bruke språk, uttale språklydar, eller å forstå grammatikk og setningsoppbygging. Generelle språkvanskar kan vere ein konsekvens av eller ein kombinasjon med annan diagnose. Sein språkutvikling eller spesifikke språkvanskar er definert som ein "tilstand der barn med en ellers normal utvikling ikke lærer språk som forventet" (Kjelde: "Retningslinjer for undersøkelse av syn, hørsel og språk" – Sosial- og Helsedirektoratet)

5. Om lesing

Lesing er å forstå prinsippet som alfabetisering/bokstavane representerer, og å kople lyd og bokstav; avkodning. Samstundes inneber det å kunne lese, og å forstå kva orda og setningane tyder. I ytste konsekvens er lesing det å kunne lese med forståing, og bruke denne kunnskapen i eiga lesing og læring.



6. Læringsyn

Planen byggjer på eit konstruktivistisk og sosialkonstruktivistisk læringsyn, som inneber at alle menneske lærer ved å vere aktive i ein læringsprosess, samstundes med at dei deltek i samspel og fellesskap med andre menneske.

Når det gjeld barnehagen tyder dette m.a. at ”barna lyttar, observerer og gir respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne.” (Rpl s. 34) Med mimikk og spørsmål utforskar barnet kontinuerleg omgjevnadene rundt seg. Det å vere nysgjerrig på kunnskap vert anerkjent i barnehagen.

I skulen er elevane aktive i eiga læring. Kvar elev må dessutan vere i lag med ”kompetente andre”, som kan tilføre eleven kunnskapar som han/ho ikkje ville fått på eiga hand. ”Kompetente andre” kan vere lærarar, andre tilsette eller andre elevar. Elevane må stimulerast til å arbeide aktivt med språk, lesing og skrivning, og få trening i å reflektere over eiga læring. Dei må få høve til å vere saman i grupper for å ha utbytte av den meireffekten som eit fellesskap kan gje, både gjennom tekstforståing og skriftleg og munnleg uttrykk.

7. Om vaksne som rollemodellar i skule og barnehage

Alle vaksne er språklege førebilete for barn.

a) Foreldre/føresette

Foreldre/føresette er viktigaste modell for barnets fyrste språkutvikling, gjennom å snakke om ting i kvardagen, gje respons, fortelje, lytte og svare, bruke rim og regler, syngje, lese høgt og bruke omgrep bevisst.

Føresette må vidare vere bevisste på at dei vil vere lesemodellar for barna gjennom heile oppveksten.

Utfordring til foreldre

Kvardagen er travel – korleis får du som foreldre høve til å vere språkleg modell, gjennom samtale med barna og det å vere ein lesemodell?

Korleis er du bevisst på barns bruk av data og fjernsyn/dvd

b) Helsestasjon og bibliotek

Helsestasjon kan fyrst og fremst rettleie føresette i korleis dei kan stimulere barnet språkleg i starten. Biblioteket er ein ressurs når det gjeld å finne egna bøker som foreldre/føresette kan lese for egne barn, tilpassa alderen til barnet.

Utfordring til helsestasjonen:

Korleis vert dei føresette rettleia i språkleg stimulering av egne barn?

Utfordring til biblioteket:

Korleis kan biblioteket hjelpe føresette med å finne bøker til dei yngste?

c) Barnehagen

Rammeplan for barnehagen set klare forventningar til personalet om kva dei må gjere i høve det å vere gode modellar. ”Dei må vere bevisste på at dei er førebilte når dei lyttar, gir konstruktiv respons og bruker kroppsspråk, talespråk og tekst.” (Rpl s. 35).



Utfordring til styrar:

Korleis bevisstgjere og gje rom for språkarbeid i barnehagen?

Utfordring til pedagogen:

Korleis rettleie i personalgruppa i bevisst språkbruk og det å vere ein god rollemodell?

Utfordring til personalet:

Korleis er du bevisst rolla di som god språkleg modell?

Korleis vert dette drøfta i personalgruppa?

c) Skulen

Arbeidet i barnehagen vidareførast i skulen, og i tillegg må lærarane vise seg som lesande modellar for elevane. "Lærarane skal gi lesing verdi ... Læraren skal difor vere synleg og lesa mens elevane kan sjå det." (Lesing er...s. 14) Dei må tydeleggjere at dei les aktuelt samfunnsstoff, fag- og skjønnlitteratur for barn, ungdom og vaksne, og kommunisere det dei les med elevane.

Utfordring til rektor:

Korleis bevisstgjere personalet i rolla deira som språklege modellar?

Utfordring til læraren:

På kva for måte er du ein språkleg modell for elevane generelt, og i dei faga du har?

Korleis er du ein lesande modell for elevane?

8. Arbeid med språk og lesing

Det er utarbeidd rettleiande strategiplanar for betre læring av lesing, rekning og engelsk for Telemark fylke. Planane har ein oversikt som fordelar ansvar for tiltak på dei ulike nivåa, eigar, leiar, pedagog og foreldre. Kopi av tiltaksoversikten i lesing er lagt ved.

a) Helsestasjonen og bibliotek

Helsestasjonen kjem i kontakt med alle barn frå fødselen av, og har gjennom skulehelsetenesta kontakten med barn og unge til dei går ut av 10. klasse. Helsestasjonen ønskjer å sjå barnet som ein heilskap. Det er viktig også å vere klar over at språkvanskar kan vere ein del i ein større samanheng. Gjennom helsekontrollane, kan barn sine evt. språkproblem bli oppdaga tidleg.

Helsestasjonen har eit særleg ansvar for å følgje opp barn i førskulealder som ikkje går i barnehage. Etter kartlegging og ved mistanke om språkvanskar, har helsestasjonen ei drøfting med PP-tenesta før ei evt. tilmelding.

Utfordring til helsestasjonen:

På kva for måte vert evt. språkproblem følgd opp?

b) PP-tenesta

PP-tenesta har særskild kompetanse i å utrede språk-, lese- og skrivevanskar. Mellom anna kan den diagnostiske lesetesten LOGOS avdekkje mogleg dysleksi. Foreldre/eleven sjølv, helsestasjon, barnehage og skule kan vende seg til PP-tenesta for å få hjelp.

PP-tenesta er sakkunnig instans og vurderer om barnet/eleven har behov for spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. Dei sakkunnige vurderingane er grunnlaget for enkelvedtak og dei individuelle opplæringsplanane. I denne gir PP-tenesta råd om korleis opplæringa kan leggjast til rette for at eleven skal få eit tilfredsstillande utbytte. Kva og kor mykje hjelp treng eleven? Kva for progresjon, metodar og organisering er det behov for? I barnehagen kan PP-tenesta gi råd om gode språkaktivitetar tilpassa det enkelte barnets behov. Hjelpa skal bidra til å gjere barnet betre rusta til å begynne på skulen. PP-tenesta kan også hjelpe skular med kompetanseutvikling, både gjennom enkeltsaker, nettverk, kurs og jamlege møte i TPO team (Tilpassa Opplæring). Kvar skule har ein fast kontaktperson frå PP-tenesta. Barnehagane har tilsvarande forum, FSB (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen). Her kan barnehagane drøfte og få rettleiing i saker på individ- og systemnivå.

Utfordring til PP-tenesta

Korleis finne ein tenleg balanse mellom sakkunnig arbeid og kompetanseutvikling? (individ- og systemarbeid)

Korleis arbeide i TPO-team og FSB for å gjere barnehage og skule betre i stand til å førebyggje, avdekkje og avhjelpe vanskar på området (språk/lese/skrive)?

c) Barnehage

St.meld 16 (2006 – 2007) "...og ingen sto igjen" har fokus på tidleg innsats. Barnehagen har ei sentral rolle i arbeidet med barns språk. Frå barnet startar i barnehagen, er det fokus på språk. Rammeplanen, kap. 3.1 "Kommunikasjon, språk og tekst" understrekar at tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Språkstimulering får barna m.a. gjennom varierte og rike språkerfaringer med utgangspunkt i konkrete opplevingar. Med dette meinest høgtlesing, samtale/dialog, språkleiker, song, rim/regler, dikt, vitsar og gåter. Leike-skriving og leikelesing er ein del av språkstimulering i barnehagen.

Utfordring til styraren/pedagogen:

På kva for måte vert språkstimulering og –aktivitetar drøfta i pedagogmøta?

Korleis skjer førebuing til leseopplæring i skulen for 5-årsgruppa?

Utfordring til personalet:

På kva for måte vert det lagt til rette for varierte språkaktivitetar i barnegruppene?

Spesialpedagog og støttepedagog i barnehagen.

Kommunen har ein spesialpedagog i 100 % stilling og ein støttepedagog i 50 % stilling som felles ressurs for alle barnehagane. Spesialpedagogen vert sett inn ved vedtak om spesialpedagogisk hjelp for einskildbarn, til vanleg gjeld vedtaket for eit heilt barnehageår. I tillegg er ho ein ressursperson i høve gjennomføring av KoPS.

Støttepedagogen er ein ressurs som vert sett inn i kortare periodar i barnehagegrupper som treng ekstra støtte.



Utfordring til spes.ped og støttepedagog:

Korleis tar de initiativ til drøfting av temaet i pedagog-nettverket?
På kva for måte tar de opp dette i kvar einskild barnehage?

IKT i barnehage

Rammeplanen legg vekt på at barna skal få ”oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap.” (Rpl s. 21) Ein PC kan brukast i språkstimuleringsarbeid, gjennom særskilte program for kreativitet og kommunikasjon, ordinære skriveprogram eller interaktive forteljarprogram. Barnehagen vert oppmoda til også å la barna nytte andre digitale verktøy, som foto-, film eller web-kamera, scannerar el.l. som utgangspunkt for kommunikasjon og språkstimulering.

Utfordring til pedagogen:

Korleis vert digitale verktøy nytta som utgangspunkt for kommunikasjon og språkstimulering?

d) Skule – lesing og munnleg og skriftleg uttrykk

Grunnleggjande ferdigheter i lesing, skrivning og munnleg uttrykk, tilseier at arbeidet med språk i vid tyding, må skje i alle fag. Lesing er altså ikkje ein aktivitet som berre er knytt til faget norsk og dei andre språkfaga, men skal gå inn i alle fag. Alle lærarar er leselærarar.

Lesing og skrivning er ferdigheter som barn og unge utviklar kontinuerleg, frå å ”knekke lesekode” til å skrive avanserte tekstar i ein naturleg heilskap.

Skulen må arbeide med utvikling av elevane sine kodingsferdigheter, dvs. å forstå ord og omgrep, og kunne lese, skrive og tolke ulike sjanger, og kunne nytte språket til å uttrykke kunnskap, erfaringar, kjensler og egne meiningar.

Det er viktig at lærarane er bevisste på kva som fremjar læring og kva som er positiv læringskultur. ”Skal det skapes et aktivt rom for læring og læringskultur i skolen, må skolen som organisasjon jobbe med lesing og grunnleggjende ferdigheter over tid. Det må skapes et forum hvor lærernes tanker, refleksjoner og faglige oppdatering om hva som fremmer elevens læring stadig blir debattert.” (Heftet Lesing er...s. 11).

Motivasjon er ei drivkraft for læring generelt, og for lesing spesielt. Elevar har stor motivasjon for læring og for lesing når dei startar på skulen, samstundes som dei har ulikt ferdighetsnivå. Det er difor viktig å leggje til rette for at elevane får gode opplevingar frå starten av, når det gjeld å meistre lesekunsten.

Leseopplæring

Skulen har i samarbeid med dei føresette, som oppgåve å syte for å stimulere elevane til lesing. Biblioteket kan hjelpe til med å finne høveleg litteratur. Leseopplæring går føre seg på ulike nivå.



Utfordring til læraren:

”Alle lærarar er leseleiarar”; kva er rolla mi som leseleiar?
Korleis er eg med på å sikre utvikling av kodingsferdigheter?
På kva for måte bidrar eg med tankar, refleksjonar og faglige oppdatering om kva som fremjar elevane si læring?
Korleis er eg med på å motivere elevane til læring og lesing?
Korleis samarbeider eg med føresette for å stimulere elevane til lesing?
Korleis arbeider eg med språk, ord og omgrepslæring?

Den fyrste leseopplæringa: Frå å lære å lese til å lese for å lære

Barn har ulike leseferdigheter når dei startar på skulen, samstundes som kvart barn lærar på forskjellig vis. Skulane syter for å nytte varierte og tilpassa metodar i leseinnlæringa. Fokus på tidleg innsats vert vidareført i skulen.

Utfordring til læraren:

Korleis syter eg for å nytte varierte metodar og tilpassa innhald i den fyrste leseinnlæringa?

Den andre leseopplæringa: Frå lesekompetanse til lesestrategiar og refleksjon

På mellomtrinnet aukar mengde av fagstoff. Elevane må lære og få trening i korleis dei systematiserer informasjonen, slik at det hugsar det dei les og kan bruke kunnskapen til å forme egne tankar og meiningar. Skulane syter for at dei elevane som ikkje meistrar lesing på dette nivået får leseopplæring tilpassa deira behov. Lesestrategiar; sjå vedlegg

Utfordring til læraren:

Korleis bidrar eg til å gje elevane variert utval av anna enn fagtekstar?
På kva for måte hjelper eg elevane med å systematisere informasjonen i fagstoffet?

Den tredje leseopplæringa: Lese, tenkje, samtale og skrive i ein naturleg heilskap

På ungdomstrinnet skal elevane bli bevisste kva ulike sjangrar skal formidle, kva for lesestrategiar og skriftstil dei må velje i høve til føremålet med teksten. Det er auka stoffmengd, med vanskelegare tekstar, og samtale og refleksjon rundt tekst er nødvendig for elevane å danne egne meiningar.

Utfordring til læraren:

Korleis hjelper eg elevane med å bli bevisste sjangrar når det gjeld lesestrategiar og skriftstil?
På kva for måte stimulerer eg elevane til samtale og refleksjon, slik at dei kan danne egne meiningar?

Gjennom heile grunnskuleløpet syter lærarane for å gje elevane lyst til å lese og gode leseopplevingar, ved å gje dei eit variert utval av anna enn fagtekstar, som t.d. skjønnlitteratur og teikneseriar.



IKT i skule

Å kunne bruke digitale verktøy er ein av dei grunnleggjande ferdighetane som elevane skal lære gjennom alle fagområda i løpet av grunnskuletida. Fokuset varierar sjølvsagt i høve fag, der det t.d. innan norsk vert lagt vekt på at digital kompetanse opnar for andre tekstformer og uttrykk, medan det i Religion, Livssyn og Etikk er mogleg med kommunikasjon og dialog om religion og livssyn. Felles for dei fleste faga er at digitale verktøy gjev lettare høve til dokumentasjon og rapportering.

Utfordring til læraren:

På kva for måte syter eg for at elevane får bruke digitale verktøy?

Korleis nyttar eg digitale verktøy på best mogleg måte i høve fag eg underviser i?

9. Bruk av kartlegging – helsestasjon, barnehage og skule

a) Helsestasjon.

På helsekontrollane registrerer helsestasjonen om barna bablar og kan turtaking frå spedbarnsalder. Helsestasjonen tar SATS* på alle 2 åringar og Språk 4* på alle 4 åringar. Høyretest blir tatt av alle 5 åringar.

Tiltak ved mistanke om språkvanskar/sein språkutvikling:

- Helsestasjonen sjekkar fyrst ut om det kan skuldast fysiske forhold som nedsett hørsel, synsvanskar, hjerneskode, understimulering eller ei psykisk årsak.
Viss ikkje:
- Dersom barnet går i barnehage:
 - Helsestasjon er ansvarleg for å ta kontakt med barnehage. Må skje i samråd med føresette.
- Viss barnet ikkje går i barnehage
 - I samråd med føresette tar helsestasjonen kontakt med PP-tenesta for drøfting om evt tilmelding

b) Barnehage

Hensikten med å kartlegge barns språkutvikling er å finne ut så tidleg som råd om eit barn står i fare for å utvikle språkvanskar, som seinare kan gje barnet problem med å lære å lese og skrive. Ein veit at ved tidleg innsats kan barn få nødvendig hjelp til å kome over slike vanskar. Kartleggingsverktøy vert alltid nytta i samråd med føresette.

Barnehagen i Kviteseid nyttar TRAS* og KoPS* som kartleggingsverktøy etter slike rutinar: Alle 2 åringar vert kartlagt med TRAS innan dei fyller 2 1/2 år. Kartlegginga skjer i samarbeid med foreldre. Nye barn som får plass i barnehage når dei er eldre enn 2 ½ år, kartleggast med TRAS ved starten av barnehageopphaldet.

Alle 4-/5- åringar kartleggast med KoPS.

Tidspunkt: september/oktober og februar/ mars



Tiltak viss barnehagen er bekymra i høve eit barns språkutvikling:

- Samtale med foreldre
- Drøfting i pedleiar møte ved barnehagen det gjeld
- Oppfølging med TRAS.
 - Samtale med foreldre
 - Drøfting/retteleing i FSB.
 - Utprøving av tiltak
 - Ny KoPS-kartlegging – evt. iverksetje tiltak dersom profilen viser grunn til bekymring. Ev tilmelding til PPT (i samarbeid med foreldre).

Skulen har ei rekkje testar ved ulike alderstrinn for å kartleggje språkutvikling og lese- og skrivekompetanse. Desse testane kjem fram i vedlegg II.

Det vert utarbeidd gode rutinar for å avdekkje vanskar på eit tidleg tidspunkt.

Progresjon i kartlegging: Kva for prøver skal takast på alle elevane, når? Kva for prøver skal takast på dei elevane som skårer under kritisk grense på prøver som gjeld alle elevane

Tiltak ved mistanke om lese- og skrivevanskar (Jf: kap 6 i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar om spesialundervisning)

- Lærar drøftar bekymringa med føresette og leiar/TPO-koordinator, evt. kan elev/foreldre be om vurdering av eleven sitt læringsutbytte
- Ved evt. vidare oppfølging; drøfting i skulen sitt TPO-team
- Samråd med PP-tenesta sin kontaktperson
- Utprøving av tiltak på individ- og kontekst. Evaluere/justere
- Evt. oppmelding til PP-tenesta
- Evt. vedtak om spesialundervisning

10. Samarbeidspartnarar

Helsestasjon, barnehage og skule har ei rekkje særskilte viktige samarbeidspartnarar når det gjeld barns språkutvikling og lese-/skrivekompetanse. Desse er:

- Foreldre/føresette
- Helsestasjonslege
- PP-tenesta
- Biblioteket
- 2. linjetenesta som t.d. Høyresentralen eller HABU (Habiliteringstenesta for Barn og Unge)
- Fysioterapeut

Det er vesentleg for barn og elevar at det er open kommunikasjon mellom dei ulike instansane som har ei rolle i og kunnskap om feltet som gjeld språk og lesing. Plan for overgangar i Kviteseid kommune syner kven som har hovudansvar for å ta initiativ til samarbeid. Føresette har særskilt viktig kunnskap om eige barn, og må tidleg inn i ein prosess viss det er mistanke om sein språkutvikling. Skjema for godkjenning av informasjonsflyt ligg ved planen som vedlegg.



11. Overgangar mellom barnehage og skule og mellom hovudtrinn

Før samarbeid om overgangar som gjeld språk, og mistanke om språkvanskar, må foreldre kontaktast. Dei må gje helse- og barnehagepersonale løyve til å bringe informasjonen vidare til annan instans, i tillegg til at dei som specialistane på eigne barn, har viktig informasjon å gje. Det er vesentleg at førebuing til overgang startar i god tid, og dessutan er desse elementa viktige (sjå elles plan for overgangar):

- Møte mellom tilsette i barnehage og skule ved overgang til skule
- Møte mellom tilsette ved overgang mellom Brunkeberg oppvekstsenter og Kviteseid skule før elevane skal byrje i 5.klasse
- Møte mellom tilsette ved overgang mellom Straumsnes oppvekstsenter og Kviteseid skule før elevane skal byrje i 8.klasse

12. Kompetanseutvikling for tilsette på helsestasjon, i barnehage og i skule.

Det er viktig at kompetansen i kommunen aukast, for å kunne hjelpe barn med språkvanskar. Desse tiltaka vert prioritert:

- a) Kartlegging og bruk av ressurspersonar. Kvar barnehage og skule har særskilte ressurspersonar som kan rettleie personalet. Desse kan t.d. vere
 - a. Kartleggarar (TRAS, KoPS, språk 6 – 16)
 - b. Leserettleiarar
 - c. Logoped og språkspesialistar
 - d. Personale med annan særskilt utdanning
- b) Analyse og bruk av data frå kartleggingsverktøy og -testar og nasjonale prøver
All kartlegging må følgjast opp, og for å ha optimalt utbytte av slike verktøy må personalet som gjennomfører desse ha analysekompetanse. Etter analyse av datamaterialet, vert det fastsett oppfølgingstiltak.
- c) Utviklingsprosjekt.
Mykje kompetanseheving kan skje gjennom utviklingsprosjekt i barnehage og skule.
- d) Etter- og vidareutdanning
 - a. KOPS og Språk 6 – 16
 - b. Lesestrategiar
 - c. Leseopplæring 1. – 4.
 - d. Leseopplæring 5. – 7.
 - e. Leseopplæring 8. – 10.
 - f. Vidareutdanning, Nynorsk skriftkultur



Vedlegg I

Kort informasjon om dei ulike kartleggingsverktøya nemnde i planen

Observasjon

Ingen observasjon kan gje eit fullstendig og nøyaktig bilde av eit barns utvikling. All observasjon er avgrensa og viser bare eit utval av område og observasjonspunkt. Resultat må tolkast med stor varsemd. Det kan vere mange feilkjelder. Det er difor fyrst og fremst tendensane som observasjonsdata peiker i retning av som bør vere utgangspunkt for vidare arbeid (hypotesedanning og utvikling av tiltak).

KoPS (Kognitiv Profil System)

KoPS er ein standardisert, databasert test for tidleg avdekking og vurdering av ulike lærevanskar hos barn i alderen 4 - 8 år. Testen inneheld ni kognitive prøver som kan vere til hjelp for tidleg identifisering av dysleksi og spesifikke lærevanskar. Åtte av prøvene er av særleg betydning for lesetileigninga. På grunnlag av resultatet blir det utarbeidd ein profil, med søyler som måler grad av riktige svar og tida barnet bruker. KoPS gjev grunnlag for å utvikle tiltak og strategiar tilpassa det enkelte barnet. Testen blir gjennomført på data i spills form, noko som gjer han morosam og motiverande for barn.

TRAS (Tidlig Registrering Av Språkutvikling)

TRAS er eit observasjonsskjema til bruk i barnehagen for å registrere eit barns språkutvikling. Skjemaet dekkjer dei ulike språkdimensjonar, *bruk*, *innhald*, *form*, og er inndelt i 8 delområde; kommunikasjon, samspel, merksemd (*bruk*), språkforståing og språkleg medvit (*innhald*) og uttale, ord- og setningsproduksjon (*form*). Observasjonen dekkjer viktige milepælar i språkutviklinga i alderen 2-3 år, 3-4 år og 4-5 år. Formålet er å vurdere barnets språkutvikling og finne barnets meistringsområde og ev vanskar for gjennom dette å utforme tilpassa hjelpetiltak. Utarbeida av Bredtvet kompetansesenter, Senter for leseforskning m.fl.

Språk 6 – 16

Språk 6-16 er ein screening som kartlegg barns språklege føresetnadar. Formålet er å identifisere barn med språkvanskar som bør undersøkast vidare. Målgruppa er barn og unge i alderen 6 – 16 år.

Prøva dekkjer følgjande område:

- Ordspenn
- Setningsminne
- Omgrep (motsetnadar og ordkunnskap)
- Fonologisk bevissthet (rimord, segmentsubtraksjon)
- Grammatikk (verbbøyingar, fleirtal, komparativ og superlativ)
- Lesing (kun for barn over 8 år)



Vedlegg II

Kartleggingsverktøy

Namn på verktøy	Gjennomført ved alder/trinn	Ansvarleg instans	Frist	Merknad
SATS	2-åringar	Helsestasjon		
Språk 4	4 åringar	Helsestasjon		
Høyretest	5-åringar	Helsestasjon		
Syn		Helsestasjon		
TRAS	2-åringar	Barnehage		
KoPS	4-åringar	Barnehage		
Språk 6 - 16		Skule		
Sansemotorisk test	1.klasse	Skule	1. oktober	
Leseklar – arbeid med ord	1. klasse	Skule	Heile året	
Observasjonsprøve	1. klasse	Skule	Mai/juni	
Arbeid med ord - deltestar	2. klasse	Skule		
Alfabet-test	2.klasse	Skule	2 g/semester	
Arbeid med ord				
ILbasis	?	Skule	1. juni	
Kartlegging, lesing, obl.	1., 2., og 3. trinn	Skule		
Kartlegging, lesedugleik	5., 6 og 7. trinn	Skule	Mai (5. og 6.) Haust (7.)	
Carlsten leseprøver /verktøy for lesestimulering	4., 6., 9. og 10. trinn	Skule	1. september	
Nasjonale prøver, lesing	5. og 8. trinn	Skule	September	
Ordkjedetest	2., 3., 4., 6., 7., 8., 9. og 10.trinn	Skule	1. september	
100-ordlesing	7., 9. og 10.trinn	Skule		
Orddiktat	2., 3., 4. og 6.trinn	Skule		

Er førebels ikkje samordna mellom skulane



Samarbeidsavtale med føresette

Barnet/eleven sitt namn: _____ Fødd: _____

Adresse: _____ Telefon: _____

Morsmål: _____ Gut: _____ Jente: _____

Saka gjeld:
Samarbeid mellom

_____ Helsestasjon

_____ Skule

_____ Barnehage

_____ Andre. Spesifiser: _____

Annan informasjon om saka:

Eg/vi samtykkjer i informasjonsutveksling mellom ovannemnde instansar som gjeld barnet mitt/vårt:

Føresette: _____

Stad: _____

Dato: _____



Lesestrategi - Strategi er systematisk plan og handling

Kjelde: www.hurtiglesing.no

Lesestrategi kan deles i to hoveddeler; planlegging og gjennomføring. Gjennomføringen kan være i overensstemmelse med eller avvike fra planen. Ofte må vi justere leseplanene underveis.

Vi definerer lesestrategi som en planlagt og systematisk lesing tilpasset teksten, hensikten og målet med lesingen.

I praksis betyr lesestrategi at du velger hvilke lesemåter du vil bruke og i hvilken rekkefølge. Planen skal også inneholde tid til hvile, selvhøring, oppgaveløsning og andre former for arbeid med teksten. Det er viktig at du er fleksibel og tilpasser lesestrategien etter teksten, hensikten, målene og dine egne interesser og ferdigheter. Planen må også ta hensyn til hvor mye tid du kan og vil bruke til lesingen.

En god lesestrategi vil øke utbyttet av lesingen uansett hva du leser og hvorfor. De prinsippene og lesestrategiene som presenteres i dette kapitlet, vil dekke de fleste behov.

Alle våre forslag til lesestrategier må brukes med sunn fornuft. I noen tilfeller kan de brukes nøyaktig slik de er satt opp. I andre tilfeller må du skreddersy strategien slik at den passer til det du leser og vil oppnå. Du bør prøve de forskjellige strategiene vi foreslår, noen ganger for å få erfaring med deres styrker og svakheter. Etter hvert som du får mer trening, kan du lage dine egne lesestrategier.

Forberedelse til lesingen

Forberedelsen består av å:

- Klargjøre hensikten med å lese teksten. Hva er de overordnede målene?
- Skaffe deg en oversikt over det du skal lese.
- Finne ut hvor du står før lesingen.
- Sette deg mål for lesingen.
- Velge hvilke deler av teksten du skal lese.
- Velge lesemåter for de forskjellige delene av teksten
- Lage en plan for lesingen, dvs en oversikt over hva, hvordan og når du skal lese. Planen kan også inneholde oppgaveløsning eller andre måter å arbeide med teksten på (etterarbeidet).



Lesingen skal gi svar på de spørsmål du har stilt og nye spørsmål som dukker opp.

Enkelte tekster leser du gjennom bare én gang. Andre tekster leser du flere ganger og på forskjellige måter. Dette avhenger av teksten, hensikten og målet med lesingen. Ofte vil lesingen og valg av lesemåter følge prinsippet: Oversikt - detaljer - oversikt. Du kan kombinere lesemåter som:

- Fotolesing for å få en grov oversikt av det du skal lese og for repetisjon.
- Skumllesing for å få bedre oversikt og få med noen detaljer, og for repetisjon.
- Hurtiglesing for å oppfatte, huske og forstå.
- Reflekterende lesing for å forstå, vurdere og beherske.

Du bør også kunne ulike lesemåter og vite når du bør bruke dem. Dette er:

- [Hurtiglesing](#), dvs. å lese alle ordene hurtig og oppfatte det meste av innholdet.
- [Skumllesing](#), dvs. å lese deler av teksten for å få oversikt eller repetere.
- [Skanning](#), dvs. å lete etter bestemte ord eller temaer.
- [Superlesing](#), dvs. å lese med din maksimale lesehastighet.
- [Fotolesing](#), dvs. å kaste ett blick på hver side for å få en grov oversikt.
- [Reflekterende lesing](#), dvs. å tenke gjennom og bearbeide teksten.

Du må også bruke lesestrategier. [Lesestrategi](#) er å kombinere ulike lesemåter tilpasset teksten og de mål du har med lesingen. Du bør også [legge forholdene til rette](#) for god lesing.



HANDLINGSPLAN SPRÅK: 1-ÅR

HOVUDOMRÅDE	MÅL	OBLIGATORISKE TILTAK	TID	ANSVAR
Det fysiske miljøet - inne	Nok tumleplass	Vurdere og prioritere møbler	ved nytt	pedagogisk leiar/styrar
	Materiale på veggane som stimulerer språket, og gjerne fleire sanser som det taktile	Vurdere og finne fram/lage/kjøpe inn bilder til veggane, evt. på gølv, bruke fotografiar av barna	barnehageår	pedagogisk leiar/styrar
Det fysiske miljøet - ute	Det skal vera eit breitt utvalg av leiker som kan stimulere språket	Få oversikt og vurdere behov for innkjøp	haust - vinter - vår	pedagogisk leiar/styrar
Vaksne som gode rollemodellar	Ein skal seta ord på handling og kjensler.	Dei vaksne skal bekrefte barna, tolke kroppsspråk, "spegle" kva dei trur barna meiner.	heile tid	Alle
	Ein skal benevne, "vera forklarande"	Ein skal seta ord på kva du som vaksen gjer og på kva barnet gjer.		Alle
Samarbeid med foreldre	Møter og samtaler med foreldre skal innehalde veiledning i forhold til tidleg stimulering av barns språk.	Foreldresamtaler, aldersinndelte foreldremøter med innslag av tiltak knytt til stimulering av barn sitt språk	haust - vår	pedagogisk leiar
Motoriske leikar/aktivitetar knytt til språk	Aktive vaksne som kan inspirere	Små sangleikar, finger-og tåregler, regler der ein bruker konkretar (til samling), hinderløyper		pedagogisk leiar
Leik	Den vaksne skal vera ein aktiv, språkleg deltager i leiken med 1-åringen	"Gje og få"-leiken, bygge-rive ned leik, små innpasnings puslespel, trilleleikar, "bake kake" leikar...- > FORKLAR		Alle
Det språk-spesifikke området	I samtaler med 1-åringen skal SUBSTANTIVAR vektleggast			Alle
	Biletbøker/peikebøker skal vera tilgjengeleg og brukast saman med barna			Alle



HANDLINGSPLAN SPRÅK: 2 ÅR

HOVUDOMRÅDE	MÅL	OBLIGATORISKE TILTAK	TID	ANSVAR
Vaksne som gode rollemodellar.	Tidleg språkstimulering, særleg i leiken.	Foreldre og personalet må ned på gølvet på barnet sitt nivå og snakke mykje saman med det.	Heile tid	Foreldre og personalet
Språk-kompetanse	Å bevisstgjera foreldre og stimulere personalet til å bruke språkplanen og handlingsplanane.	Å ta opp språkplanen på foreldremøte, pedagogmøte og personalmøte.	Kvar haust	Styrrar / Assisterande einingsleiar.
Samarbeid med foreldre	Å gjera foreldre og personalet kjend med dei 8 områdene i TRAS og sikre god språkutvikling.	Å gjennomføre TRAS innan barnet er 2 1/2 år. Foreldresamtale.	Haut/vår. Avdelingsmøter	Pedagogisk leiar.
Det språkspesifikke området	Barnet skal lære seg verb, og knyte verbet til substantiv -> 2-ords ytringar.	Foreldre og personalet må seta ord på handlingar . Foreldre og personalet skal ha samtaler knytt til bøker.	Heile tid	Alle
Det fysiske miljøet inne i barnehagen.	Barna skal ha eit rikt utvalg og tilbod av leiker, bøker, puslespil og bilde i barna sitt høgde.	Personalet må vera bevisste på å variere og legge fram eit rikt utvalg av utstyr (sjå mål)	Etter årstidene	Pedagogisk leiar.



HANDLINGSPLAN SPRÅK: 3 ÅR

HOVUDOMRÅDE	MÅL	OBLIGATORISKE TILTAK	TID	ANSVAR
Vaksne som gode rollemodellar.	Å utvide barnet sine setningar.	Foreldre og personalet må lytte og komplimentere 2- ordssetningane til barnet.	Heile tida	Foreldre og personalet
Språk-kompetanse	Å bevisstgjera foreldre og stimulere personalet til å bruke språkplanen og handlingsplanane.	Å ta opp språkplanen og handlingsplaane på foreldremøte. Pedagogmøte og personalmøte.	kvar haust	*Styrrar/ Assisterande einingsleiar.
Samarbeid med foreldre	*Å sikre barnets språkutvikling. *Bevisstgjere språkets mangfold	*Foreldre samtaler	Andelings - møte	*Pedagogisk leiar.
Det språkspesifikke området	Å vidareutvikle språket	Foreldre og personalet skal ha samtaler knytt til bøker, og utvide 2-ords setningane med adjektiv og/eller preposisjonar.	Heile tida	Foreldre og personalet
Det fysiske miljøet inne i barnehagen.	Å ha eit rikt utvalg av spel, puslespil og bøkar tilgjengeleg for barna	Personalet må vera bevisst på å legge fram Spil, puslespil og bøkar som er relevante for tre-åringane.	Etter årstidene	Pedagogisk leiar.



HANDLINGSPLAN SPRÅK: 4 ÅR

HOVEDOMRÅDE	MÅL	OBLIGATORISKE TILTAK	TID	ANSVAR
Vaksne som gode rollemodellar	Positivt fokus på barnets språk. Og barnet høyrer og utviklar setningar på rett måte.	Vaksne som bekreftar og seier setningar på rett måte	Heile tida	Foreldre og personale
Språk- kompetanse	At spesialpedagog og støttepedagog skal få gjennomføre kartlegging med KoPS Følge opp barns språkutvikling	Å legge til rette for kartlegging med KoPS (Kognitiv Profil System, ein språktest) Gjennomføre kartlegging og Informere om førebyggjande tiltak		Assisterande einingsleiar og styrar Spesialpedagog og støttepedagog
Samarbeid med foreldre	Gje foreldre informasjon og kunnskap om KoPS	Informere om KoPS og innhente samtykke (eget skriv)	Sep/ okt Jan/ feb.	Spesialpedagog støttepedagog
Samarbeid med foreldre	Sikre barnets språkutvikling	Foreldresamtale	Haust / vår	Pedagogisk leiar
Det språkspesifikke Området	Barnet skal utvikle og utvide rett setningsoppbygging. Barnet skal kunne rime Barnet skal bli glad i bøker og utvikle eit godt ordforråd.	- Å utvide og bekrefte positivt barnets ytringar. - personalet må ta i bruk rim og regler - lese bøker kvar dag.	Hele tida	Foreldre og personale
Det fysiske miljøet inne	Barna skal ha eit rikt utvalg av bøker og spel tilgjengelig heile tida	Personalet må vere bevisste på å Variere og legge fram eit rikt tilbud av ulike bøker og spel.	Etter årstidene	Pedagogiske leiarar



HANDLINGSPLAN SPRÅK: 5 ÅR

HOVUDOMRÅDE	MÅL	OBLIGATORISKE TILTAK	TID	ANSVAR
Vaksne som gode rollemodellar.	Bruke situasjonar i det daglege til å auke språkforståinga til barnet	Foreldre og personalet må rettleie barnet muntleg i daglege situasjonar heime og i barnehagen.	Heile tida	Foreldre og personalet
Språk-kompetanse	* Samarbeid med skulen. Førskulebarna blir kjent med skulen og skulen blir kjent med førskulebarna. *At foreldre får informasjon om overgangen mellom barnehage og skule	* Etablere kontakt mellom barnehagen og skulen når det gjeld førskulebarna. *Informere foreldre om "Plan for overgangar"	kvar haust	Styrar/ assisterande einingsleiar.
Samarbeid med foreldre	Sikre barnas språkutvikling	Foreldresamtaler,	Haust og vår	pedagogisk leiar,
Det språkspesifikke området	Barna skal bli bevisste på ulike dialekter og talemåtar *Synleggjere barnas tekstskaping. * Fonologisk bevisstgjøring *barna skal kunne rime. *knytte lyd til bokstav	Personalet snakkar om variasjonar i språket. Foreldre og personalet : * bruke rim, regler, gåter og vitsar. *leikeskrive *Synleggjere og bruke bokstavar.	Heile tida	Foreldre og personalet
Det fysiske miljøet inne i barnehagen.	* Synleg gjere skriftspråket.	*Henge opp bokstavar. *Henge opp rim og regler og barnas egne tekster og teiningar.	Etter årstidene	pedagogisk leiar.



VEILEDENE FYLKESSTRATEGIER 2010 – 2013

	Eier av barnehage/skole	Leder av barnehage/skole	Forskuler/lærere	Foreldre
Ledelse og læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> - Godde rammer og systemer for å sikre kvalitet og resultat i språkutviklingen og leseopplæringen. - Tilgang til gode bibliotek i barnehager og skoler - Klare forventninger til struktur og ledelse på alle nivåer 	<ul style="list-style-type: none"> - God ledelse i barnehage og skole av som tilrettelegger for systematisk språk- og leseopplæring - Klare ferdighets- og opplæringsmål - Sikre elevene/medvirkning. 	<ul style="list-style-type: none"> - Alle voksne i barnehagen og skolen er språkutviklere. - Alle lærere leser/er. - Skape kultur for læring og opprettholde høyt læringsstrykk. - Tydelig og strukturert gruppe- og klassedelelse. - Lære å lære: Eksplicit undervisning der modellering er et sentralt undervisningsprinsipp. - Sikre bruk av lesestrategier 	<ul style="list-style-type: none"> - Gi støtte og forventninger til læring og gode rammevilkår for skolearbeid i hjemmet - Snakke mye med barna og være gode språkmodeller
Bruk av læringsresultatene og kartlegging	<ul style="list-style-type: none"> - Skole- og barnehageeier må ha gode systemer for kontinuerlig evaluering og vurdering av språkutvikling og leseopplæring, også i samarbeid med helsestasjon i førskolealder. - Skoleeier må sikre nødvendige ressurser til å gjennomføre tidlig innsats. 	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen må ha systemer for registrering av barns språkutvikling. - Skolen må ha systemer for å avdekke svake lesere og iverksette tiltak. - Kontinuerlig og systematisk refleksjon over skolens leseopplæring 	<ul style="list-style-type: none"> - Informere om barnets språk- og leseutvikling. - Læreren reflekterer og bruker resultater fra kartleggingsprøvene i planleggingen av undervisningen - Systematisk undervisningsvurdering... leselærigheten er en naturlig del av elevsamtale. 	<ul style="list-style-type: none"> - Eierspørre innsats og resultater
Tidlig innsats	<ul style="list-style-type: none"> - Følles kommunale planer for språk-, lese- og skriveopplæring som omfatter lese- og læringsstrategier, metoder og bruk av IKT. - Sikre ressurser til tidlig innsats, tiltak for minoritetsspråklige og spesialundervisning. 	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre kommunal plan. - Alle ansatte i barnehage må forpliktes til å ha fokus på barns språkutvikling og språkstimulering i det daglige arbeidet med barna. - Klare rutiner for igangsetting av tiltak for intensiv språk- og leseopplæring når behov avdekkes. 	<ul style="list-style-type: none"> - Språkstimulering i barnehagen: bruk av samtaler, rim, regler, dikt, sang, fortelling, høytlesing, lek og utforskning av skriftspråket - Læreren må sikre en helhetlig leseopplæring hvor man ivaretar villedet lesing, høytlesing, lesing i felleskap og selvstendig lesing 	<ul style="list-style-type: none"> - Snakke med barna i forbindelse med aktiviteter, for å utvikle et godt muntlig språk som basis for god lese- og skriftspråk-utvikling - Les før og med barna
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> - Kompetansekartlegging - Sørge for etter- og videreutdanning innen språkutvikling og leseopplæring - Tilsette etter behov for kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke de best kvalifiserte pedagogene i språkutviklingsarbeidet og leseopplæringen. - Faglærersprinsippet vurderes også på barnetrinn 	<ul style="list-style-type: none"> - Delta i etter- og videreutdanning -om språkutvikling. Lesing, og lesestrategier - om nasjonale prøver, -om digitale ferdigheter 	<ul style="list-style-type: none"> - Sette seg inn i barnehagens og skolens arbeid og hvordan foreldrene kan bidra.
Samarbeid skole- hjem	<ul style="list-style-type: none"> - God leseopplæring krever mål som kommuniserer godt med både elever og foreldre. 	<ul style="list-style-type: none"> - Øke del faglige fokuser ved for eksempel fagkvelder for foresatte - Ta opp satsingsområdet lesing i FAU og på foreldremøter og -samtaler 	<ul style="list-style-type: none"> - Foreldremøter og foreldresamtaler skal inneholde noe om språkstimulering og forventninger til hjemnets deltakelse i barnets språk- og leseutvikling 	<ul style="list-style-type: none"> - Sette seg inn i barnehagens og skolens arbeid og hvordan foreldrene kan bidra - Delta i språkstimulering og lesertrening
Overganger	<ul style="list-style-type: none"> - Kommunal plan for overganger - Faglig nettverk fra barnehage til videregående skole 	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeide med overganger i god til for overganger skjer med et spesielt fokus på overgangene til 1. trinn, 8. trinn og vgl - Sørge for overføring av nødvendig informasjon som fremmer det enkelte barns læring og utvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> - Arbeide med overganger i god til for overganger skjer med et spesielt fokus på overgangene til 1. trinn, 8. trinn og vgl - Sørge for å få kjennskap til og benytte relevant informasjon om den enkelte elevs læring og forutsetning 	<ul style="list-style-type: none"> - Delta på de informasjonsmøter som blir arrangert i tilknytning til overganger



Førebels litteraturliste:

Temahefte: Språk og språkstimulering i barnehagen (Kunnskapsdepartementet)

Språkveilederen (frå Språkpakka)

Temahefte: LES frå Lesesenteret

